

Hordaland Fylkeskommune
Att: Fylkesrådmannen
Postboks 7900
5020 Bergen

Knarvik 22.november 2013

Søknad om driftsmidler for 2014 på kr 250 000 (kfr vedlagte budsjett)

Nordhordlandspakken AS har gjennom hausten 2013 utarbeidd ein bompengesøknad for ulike samferdselssatsingar i Nordhordland på om lag 2 mrd. I tillegg er det ein heilt klar føresetnad at Nyborgtunnelen vert fasa inn gjennom ein revisjon av bompengesøknaden, på eit seinare tidspunkt. Vi er akkurat no rundt i dei ulike kommunestyra for å orientere om innhaldet i pakken, og korleis den vert finansiert, tilbakemeldingane so langt har vore gode.

Av di selskapet ikkje har egne driftsinntekter er vi avhengig av tilskott frå eigarane, eg syner her til tidlegare års praksis og vedlagte budsjett for 2014, vedteke av styret på møtet 11.nov 2013

Søknadssummen vert fordelt slik:

- Hordaland Fylkeskommune kr 250 000 (40 % eigardel)
- Nordhordland Utviklingsselskap IKS kr 250 000 (40 % eigardel)
- Bergen kommune kr 125 000 (20 % eigardel)

Selskapet sine største driftskostnader er kjøp av konsulenttenester, styrehonorar/dagleg leiing og rekneskapstenester/revisjon. Det er heile tida eit mål for styret å ha ei så nøktern drift som mogeleg, og selskapet er frå årsskiftet 2012/13 ikkje lenger skattepliktig.

Med dette søker eg om ei løyving på kr 250 000 og vonar på ei positiv tilbakemelding.

Ta gjerne kontakt for utfyllande informasjon.

Beste helsing



Pål Kårbø

-styreleiar Nordhordlandspakken AS-

Driftsbudsjett for Nordhordlandspakken AS for 2014

Aksjekapital	100 000
Annan EK pr 1/1-14	-8 000
Netto EK pr 1/1-14	92 000

Inntekter:	2014
Tilskott frå Regionrådet i Nordhordland	250 000
Tilskott frå Hordaland Fylkeskommune	250 000
Tilskott frå Bergen kommune	125 000
Sum inntekter	625 000

Kostnader :	
Kjøp av konsulenttenester/adm.tenester	270 000
Lønn/styrehonorar	225 000
Regnskapshonorar/økonomi	20 000
Revisjon	10 000
Marknadsføring/brosjyre	50 000
Bank- kortgebyr	1 000
Sum kostnader	576 000

Resultat **49 000**

Ny EK pr 31/12-14 :	
Aksjekapital	100 000
Annan EK pr 1/1-14	41 000
Sum EK pr 31/12-14	141 000

Vedteke i styremøte 11.november 2013